

Hovden: tysdag 07.05

Kl. 17:30 - Drømmeparken (2D norsk tale)

Kl. 19:30 - Long Shot (12 år)

Bykle: onsdag 08.05

Kl. 18:00 - Det flyvende teppet (norsk tale - alle)

Kl. 20:00 - Teen spirit (alle)

Hovden: tysdag 21.05

Kl. 17:30 - Timmy og monsterplaneten (norsk tale - 6 år)

Bykle: onsdag 22.05

Kl. 18:00 - Aladdin (norsk tale - alle)



Nye og gode filmar på kino!

Halv pris for ungdom

I 2018 vart det vist tilsaman 80 filmar i Bykle og på Hovden.

Bygdekinoen har **mange nye og gode filmar på programmet!**

Med eit snitt pr. film på henholdsvis 13 og 31 besøkande pr. film (Bykle/Hovden), høyrer det ikkje så verst ut – men det er **fordi det i feriane er enkelte forestillingar med svært godt besøk, som dreg opp snittet.**

Vi har ein del framsyningar med 1, 2 og 3 personar i salen (vaksenfilm) – så vi ynskjer oss fleire besøkande!

Frå 7. klasse og ut vidaregåande (13 til 18 år), får lokal ungdom halv pris på kino. Ta med skulebevis om du har.

Jakt i Bykle Statsallmenning og Njardarheim

Bykle Fjellstyre minner om at søknadsfristen for reinsdyrjakt og småviltjakt i Bykle Statsallmenning er **1.juni**.

Det same gjeld reinsdyrjakt i Njardarheim (Bygdejakta).


Søknad kan sendast pr e-post til: bykle@fjellstyrene.no eller pr post til:

Bykle Fjellstyre v/Jan D. Dalen, Nedre Sarv 6, 4754 Bykle.

For meir info om jakt, fiske, leige av båt og hytte, sjekk vår nett-side

www.byklefjellstyre.no

Jan D. Dalen - leiar



Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

5. mai, Bykle gamle kyrkje dåp kl. **11.00**

17. mai, Hovden grendehus kl. **10.00**

28. mai, Bykle kyrkje samtalegudsteneste ved Gunnar Ellingsen kl.**18.00**

1. juni, Bykle kyrkje konfirmasjonsgudsteneste ved Gunnar Ellingsen kl. **12:00**

8.juni, Fjellgardane kyrkje konfirmasjonsgudteneste ved Gunnar Ellingsen, kl. **12:00**



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Møte i Trydal bedehus

Tysdag 14. mai kl. 18:00. Landeskogen omsorgssenter v/ Egil Oseberg og alle «Guttene» deltar med song og vitnesbyrd. Kveldsmat. Velkommen.

Arr: Trydal misjonslag

Klippen Bykle

Møte med Hans Erik Haldorsen:

- 12.mai klokka 16.00

Tale, song, musikk og kaffi.

Arr: Klippen pinsemenighet

Boksirke

Biblioteket Hovden grendehus onsdag 22/5 kl. 19-20. Vi

les boka «Tante Ulrikkes vei» av Zheshan Shakar.

Biblioteket kan skaffe boka om du vil vere med.

Velkomen!

Arr: Biblioteket .



PROGRAM for 17. mai 2019 på Hovden.

Kl. 08.00 Flaggheising ved rådhuset og Bykle aldersheim v/speidarane

Kl. 09.15 Minibuss frå Bykle samfunnshus til Hovden og retur etter kulturprogrammet

Kl. 10.00 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje v/Kristina Grundetjern

Kl. 11.15 Flaggheising i Hovden sentrum og folketog til grendehuset

Kl. 11.45 Velkomen v/Ingvild Hovden

Kl. 12.00 Leikar, aktivitetar og matsal på Hovden grendehus

Kl. 12.30 NRK TV sender direkte frå bunadstog på ski i alpinbakken eller langrennsarenaen

Kl. 14.30 Kulturprogram i kinosalen (kl. 14.00 viss dårleg ver)

🇳🇴 Tale frå ungdomane v/Bykle ungdomsråd

🇳🇴 Tale for dagen v/Gerd Fosse Hovden

🇳🇴 Utdeling av utviklingsstipend og kulturpris

🇳🇴 Andre underhaldningsinnslag

Kl. 19.00 Overføring av festkonsert med Kristiansand symfoniorkester fra Kilden i Kristiansand,

Bilete i kinoformat og kinolyd!



Fjellreinskulen

Ragnhild Bjåen og Tove Hertzberg har fått 950.000 kr i tilskot frå Miljødirektoratet for å utvikle Fjellreinskulen.

Fjellreinskulen er eit formidlingsprosjekt mellom kunstnaren Tove Hertzberg (www.galleritove.no) og Ragnhild Bjåen på Bjåen Fjellstove og Fjellgard (www.bjaen.no)

Fjellreinskulen skal utvikle informasjons- og undervisningsmateriell og pedagogisk opplegg og undervisningsverktøy retta mot skule, innbyggjarar og besøkande i Setesdal.

Målet til Fjellreinskulen er å formidle kunnskap og opplevingar om lokal natur, kultur og historie, og på den måten vera med på å skape bulyst, byggje opp kjensle av identitet, styrke den lokale forankringa og vise stadeigenheit, "the sense of place".

For meir informasjon om prosjektet sjå:

www.fjellreinskulen.no





Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersiell hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som følger i 2019:

juni (frist 15. mai), **juli/ august** (frist 15. juni), **september** (frist 15.08), **oktober** (frist 15.09), **november** (frist 15.10) og **desember** (frist 15.11)

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 13.5 kl. 18:00

Formannskapet: 15.5 kl. 18:00

Kommunestyret: 27.5 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

«Shadow» i mai:

Jr-Shadow (5.-7. trinn): **15/5** i Bykle klokka 17:30-20:00.

Shadow (8.-12. trinn): **3/5** og **24/5** i Bykle klokka 19:00-22:00

Dans: Mandagar kl 17:00-18:00 for 3.-4. trinn, onsdagar 17:00-18:30 for 4. – 10. trinn. Grendehuset på Hovden.

SommarCamp 2019

Alle unge busatt i Bykle i alderen 5. trinn (årets 4. klasse) til og med 18 år kan vere med på SommarCamp 2019 i veke 32, 6.-9. august.

Program kjem med elevane heim i skulesekken, det ligg og på Facebook «Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden». Påmeldingsskjema kjem heim, og fristen er i slutten av mai.

Kafétreff

Bykle hotell torsdag 23/5 og 27/6

Frå kl 11.30 til 15.00. Middag/dessert & kaffi kostar 145 kr. Påmelding til Bente på tlf 37938655, før kl 15. dagen før.

Konsert

Konsert 23 mai med Frode Moltemyr kl 12.00 på Bykle Hotell i regi av Bykle Alders og sjukeheim

TT-kort

Søkandsfrist for TT-Kort er 15. mai.

Tannlegekontoret i Bykle

Tannlegekontoret i Bykle er stengt 17.juni – 1. sept. Ved behov for tannlege i denne perioden kan kontoret i Valle kontaktast.

Frå 1. sept er det eigen inngang og kontortid torsdag og fredag resten av anleggsperioden.

Frivilligsentralen

Kafé for alle mandagar kl 11:00-14:00. Salg av vaflar og kaffe. Sjå andre aktivitetar på www.bykle.frivilligsentral.no og Facebook «Bykle Frivilligsentral».

Kulturskolen- frist 27. mai.

Elektronisk søknadsskjema finn du på:

www.bykle.kommune.no/kulturskolen.

Dei som allereie er elevar beheld plassen sin så lenge vi ikkje får skriftleg utmelding. **Det er berre NYE elevar/instrument som treng å søkje for skuleåret 2019/2020.**

Våre tilbod er:

- Korps - gratis
- Band -Du kan melde deg på band aleine eller som gruppe. – kr 530 pr. semester
- Gitar-kr 1060 pr. semester
- Piano-kr 1060
- Slagverk-kr 1060
- Hardingfele-kr 1060 (Kulturskolen har barnefele til utleige kr 260)
- Song-kr 1060
- Blåsinstrument-kr 1060
- Tilrettelagt musikkundervisning-kr 1060

Vi har nye opptak for barnekor og leikarring til hausten. Ny info kjem ved skulestart.

Vi har også ein del elevar på venteliste. Desse har førsteprioritet ved ledige elevplassar.

Skal du seie opp plassen din i kulturskolen så send e-post om dette til helga.jacobsen@bykle.kommune.no.

Håpar me sjåast til hausten ☺

Henting av søppel før 17 mai

Kommunen kjem rundt i bustad felta på Hovden og i Bykle og henter søppel onsdag 15 mai. Det er **kun avfall frå dugnadsarbeid i bustadfelta** som vert henta og **ikkje** privat avfall. Avfallet skal vere samla i søppelsekk og stå langs veggen. Teknisk drift og eigedom v/Tom Olav Trydal.

Tømekalender

Restavfall: 8.5

Matavfall: 8.5, 22.5

Glas/metall, papir og plast: 22.5

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time



Språkkafé

Biblioteket Hovden grendehus tysdag 28/5 kl. 18-19.

Velkomen til deg som treng øve på å snakke norsk og til deg som vil bli kjent med nye folk

Medlemsmøte Fagforbundet

Fagforbundet Bykle/Valle inviterer til medlemsmøte torsdag **23. mai kl. 19:00** på Bykle hotell.

Venke Anny Nes, nestleder, Forbundsregion Agder informerer om:

- Forsikringer – Fagforbundet
- Andre LOfavør forsikringer
- Medlemsfordeler Lofavør
- Tariffoppgjør 2019 – Hovedoppgjør 2020
- Informasjon om Fagforbundet Agder

Servering av kaffe og kake

Arr: Fagforbundet Bykle/Valle



REKORD FESTIVALEN

Frivillig for Rekordfestivalen?

Vi planlegger årets festival. Ønsker du å være frivillig i år kan du gå inn på www.rekordfestivalen.no/frivillig og registrere deg. Jo tidligere du melder deg, jo større sjanse er det for å få være med på den jobben og dagen du ønsker.

Spørsmål kan rettes til frivillig@rekordfestivalen.no

Henting av reseptbelagte medisiner

Det er ikke lenger mulig å hente reseptbelagte medisiner på Extra fra Vitus Evje utskrevet i andres navn, uten at det foreligger en fullmakt. Denne fullmakten kan skrives ut fra vitusapotek.no eller man kan få den på Extra. Dette gjelder alle, uansett om man kjenner personen i kassa eller ikke.

Austmannali—søppelrydding

Austmannalii velforeninger skal ha søppel-rydding mandag 13.mai fra kl.17.00. Vi møter på samme sted som i fjor. Alle er hjertelig velkommen.

Hilsen Sabine

Billettsal - Bykle samfunnshus

Vi har fått nytt system og av praktiske årsaker er billettsalet flytta opp i biblioteket.

Du kan (fortsett) velge om du vil bruke inngongen på oppsida av bygget (til biblioteket) eller nedsida og bruke trappa/heisen☺

Du kan betale med bankkort, men ikkje kredittkort, eller du kan kjøpe billett på www.ebillett.no/bykle (også med kredittkort).

Studentrabatt: Halv pris til alle fastbuande i ungdomsskolen og på videregående.

Revy haust 2019

Har du ein skodespelar i magen? Brenn du inne med eit musikalsk talent? Har du gode idear?

Bykle og Hovden Teaterlag ynskjer å sette opp revy også denne hausten, men då treng vi DEG!

Vi vil arrangere ein idékveld i løpet av mai månad, og skrivegruppa er allereie i gang med å lage tekstar. Bjørø Hildebrandt har sagt ja til å vere instruktør. Han er kjend for å lage gull av gråstein, så du treng ikkje å ha erfaring frå tidlegare sceneliv.

Første øvingshelg blir 20. – 22. september, og premieren er 1. november.

Interesserte kan ta kontakt med Berit Follerås for meir informasjon. Bli med då vel!



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 08:00 - 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no